LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

STATENS VEGVESEN
Region Vest Askedalen 4
6863 LEIKANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 18.01.2016 |
| Vår: 16/114 - 16/899 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Oversending av søknad til uttale - gbnr 134/96 Hilland

Saka gjeld søknad om dispensasjon og søknad i eitt trinn for bruksendring av kjellar til bebuelig rom med eit nytt bad, overbygging av inngangsparti/VF i 2 etasjar, innreiing av eit nytt bad i 2. etasje samt eit takløft mot øst. Ombygginga gjev 15,5 $m^2$ BRA til eksisterande einebustad.

Det er søkt om dispensasjon frå regulert byggjegrense. Tiltaket ligg nærmare senterlinjen av fylkesveg, FV565, enn 30 m. Einebustaden ligg ca. 17,25 m frå vegmidte Fv. 565.

Det ligg ikkje føre nabomerknader.

**Planstatus**

**Reguleringsplan – dispensasjon**
Eigedomen ligg innanfor planområdet for reguleringsplanen RV 565 Hilland Alverstraumen, med planid plan 1263-25111999.

Eigedomen er plassert innanfor byggjegrensen. Byggjegrensen er 30 m frå senterlinje av Fv. 565 [riksvegen]. Alle eksisterande bygningar inngår i planen, også dei som er plassert nærare enn 30 m. Eksisterande bustad, gbnr 134/96, er plassert nærare enn 30 m og inngår såleis i planen. Det vert vist til plan 1263-25111999 – Rv 565 Hilland Alverstraumen, § 2 Byggjeområde, punkt 2.1:

§2
BYGGJEOMRÅDE

2.1 I byggjeområde B2 kan det førast opp bustader med utnyttingsgrad-TU=25%. Byggjegrense er 30 m frå senterlinje av riksvegen, men alle eksisterende bygninger vil inngå i planen, òg dei som ligg nærare enn 30 m.

Tiltaket medfører ikkje endring i avstandsføresegnene. Bygggjelinja blir uforandra, jf. planen § 2.1. Ein endring på eksisterande bygg innanfor byggjegrensa er strid med planen.

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense i arealplankartet.

Reguleringsplan, RV 565 Hilland Alverstraumen,  med planid 1263-25111999




Flyfoto av den omsøkte einebustaden



**Kartutsnitt som viser plassering av bustadhuset for den omsøkte eigedomen, gbnr 134/96**




## VURDERING

### Dispensasjon

Tiltaket er i tråd med den eksisterande bruken av eigedomen. Vi vurderer søkjars bruksendring for einebustaden som god. Bruksendringa vil gje bustaden nødvendig oppgradering.

Kommunen stiller seg positiv til tiltaket.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Reguleringsplan, 1263-2511999
Arealplankart, 1263-25111999
Teikningar
Situasjonskart
Nabovarsel
Dispensasjonssøknad
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Ber om ny vurdering av sak - gbnr 134/96 Hilland - bustad

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alejandro Garrido | Hillandsvegen 15 | 5911 | ALVERSUND |
| Arkitektkontoret 21 | Sandviksboder 5 | 5035 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| STATENS VEGVESEN | Region Vest<br>Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |